

RETNINGSLINJER FOR TILSKUDDSORDNINGER



UNDERVISINGSSTØNAD

Føremål

Intensjonen med undervisningsstønad skal vera å dekkja kostnader med å leggja til rette for norskundervisning som lektoren ikkje får dekt av lærestaden.

Definisjon undervisningsstønad

Stønaden kan dekkja utgifter til bøker, film, Cd-ar, abonnement på tidsskrift og programvare men òg utgifter til tekniske hjelpemiddel, undervisningsmateriell og papir-/kopikostnader. Stønadsordninga kan og omfatte andre tiltak som kjem inn under føremålet.

Kven kan søkja?

Alle lærestader i utlandet som tilbyr undervisning i norske emne.

ARRANGEMENSSTØNAD

Føremål

Stønaden skal medverka til å profilera Noreg i utlandet og styrka norskundervisninga ved utanlandske lærestader. Han skal òg medverka til at personar som arbeider innanfor norskundervisning ved utanlandske lærestader, får høve til fagleg påfyll, å treffa kollegaer og utveksla erfaringar.

Tilskot kan gjevast til

- Arrangement som regionale konferansar, fagmøte og seminar som har eit relevant fagleg innhald
- Reise- og opphaldsutgifter for lektorar som deltek på slike arrangement
- Ekskursjonar, studentsamlingar, o.l. for utanlandske studentar
- Sommarkurs ved norske universitet og høgskular

Kven kan søkja?

- Utanlandslektorar og andre som underviser i norsk ved eit utanlandsk universitet, kan søkja om å få dekt utgifter ved å delta på regionale konferansar, fagmøte, seminar, o.l. Det kan òg søkjast om dekking av utgifter til studentarrangement og ekskursjonar.
- Dei instansar som arrangerer regionale konferansar, fagmøte og seminar for utanlandslektorar og andre som utfører norskundervisning ved utanlandske lærestader. Slike instansar er først og fremst lærestader eller utanriksstasjonar
- Norske lærestader som arrangerer sommarkurs for utanlandske studentar
-

FELLES FOR BEGGE STØNADENE:

Søknadsfrist

Det er søknadsfrist to gonger per år:

- 1. mars
- 1. november

Søknadsfristane vert kunngjorte på SIUs internettside for Noregskunnskap ved høgre lærestader i utlandet. Støtte til ekstraordinære tiltak kan vurderast utanom søknadsfristane.

Krav til søknad

Søknaden må sendast elektronisk via Espresso på nettstaden til SIU innan søknadsfristen. Beløp må oppgjevast i Norske kroner.

Utbetaling

Stønad vert utbetalt til konto oppgjeven i søknadsskjemaet. Evt bankgebyr dekkast av mottakar.

Krav til rapportering

SIU er pålagt å fylgje reglement for økonomistyring i staten.

- Rapportering av bruk av midlane skal gjerast elektronisk i Espresso medan kvitteringar og andre vedlegg sendast per vanleg post saman med ein utskrift av rapporten.
- Dersom stønaden er gitt til arrangement som konferansar, seminar og studentreisar, må program og deltakarliste sendast inn.
- All bruk av midlar skal dokumenterast ved kvitteringar. Udokumenterte utgifter kan ikkje godkjennast.
- Dersom stønaden er utbetalt til mottakaren sin private konto, skal originalkvitteringar (ikkje kopi) sendast inn.
- Dersom stønad skal brukast til betaling av honorar må eige skjema fyllast ut og signerast av honorarmottakar og mottakar av SIU-stønaden.
- Ubrukte midlar skal betalast tilbake til SIU. Kontakt SIU for informasjon om korleis ubrukne midlar kan returnerast.
- Stønadsmottakar er personleg ansvarleg for rapportering og eventuell tilbakebetaling.

Frist for rapportering

Rapporten skal sendast elektronisk via Espresso på nettstaden til SIU innan fristen. Det er to rapporteringsfristar kvart år:

- | | |
|-------------|---|
| 10. januar: | for stønad motteken om våren året før |
| 1. juli: | for stønad motteken om hausten året før |